

## Tilskotsordning - Støtte til energieffektivisering – Bykle kommune

### 1. Føremål

Tilskotsordninga skal støtte energieffektivisering i Bykle kommune. Ein kan gje støtte til både energieffektivisering av bygg, produksjon av varme og energi og støtte til fornybar energi.

### 2. Oppfølging

Kommunedirektøren er ansvarleg for oppfølging og rapportering.

### 3. Finansiering og plassering

Tilskotsordninga vert finansiert årleg i den ordinære budsjetthandsaminga. Tildeling av godkjente søknader fordelast innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramma for ordninga. Dersom den økonomisk ramma ikkje er tilstrekkeleg vil dei seinaste mottatte søknadene automatisk bli overført til neste søknadsrunde med atterhald om ny løyving. Som hovudregel, i saksbehandlinga, vil ein prioritere tilskot til private bustader fyst, deretter tilskot til bedrifter.

### 4. Kven kan søke og når kan du søke

Bustaden/bygget/produksjonsprosessen må ligge i Bykle kommune. Søkar må vere juridisk eigar.

- Verksemda/organisasjonen må ha kontor/arbeidsplassar i Bykle kommune.
- Søkar må vere folkeregistrert i Bykle kommune for å få støtte til tiltak i privat bustad.
- Søkar som har fått innvilga hytte som fast bustad reknast som privat hushald i tilskotsordninga. Kommunen forbehold seg retten til å krevja støttebeløpet tilbake dersom eigedomen tilbakeførast og/eller eigar endrar folkeregistrert bustadadresse til anna kommune innanfor 2 år etter utbetalt støtte.

- Søknadsfristen er 1. mars og 1. september  
- søknadane vil fyst bli behandla etter fristen ein har sendt søknaden innanfor.

### 5. Type tiltak og lovleg støttenivå

- Bustader: Ein skal primært gje støtte til tiltak som ENOVA tilrår.
- Næringslivet og lag/organisasjonar: Ein skal primært gje støtte til tiltak som ENOVA tilrår.

Støttebeløpet på det einskilde tiltak kan ikkje kome i tillegg til anna offentleg støtte.

For næringslivet må ein i tillegg ta omsyn til gjeldande regelverk i EØS-avtalen, gruppeunntaket, som gir grunnlag for at det offentlege kan støtte med inntil 45% av kostnaden. For små og mellomstore verksemdar kan støtta aukast til henholdsvis 55% og 65% av kostnaden. Verksemdar kan og motta annan investeringsstøtte til fornybar energi, fjernvarmeanlegg og solceller tilsvarande frå Innovasjon Noreg, men er sjølv ansvarleg for å opplyse om ev lokal støtte i høve andre støtteytarar. Samla offentleg støtte kan ikkje overstige EØS-regelverk sine grenser.

### 6. Krav til søknad (søknad på nettet)

- Private: namn, adresse, personnummer, kontonummer, skildring av tiltak, kopi av budsjett/tilbod og/eller faktura.
- Næringsliv og lag/organisasjonar: namn, organisasjonsnummer, skatteattest og firmaattest, kontonummer, skildring av tiltak, kontaktperson, kopi av tilbod frå leverandør, adresse for bygg/aktivitet, sluttrapport/faktura/kvittering.

## 7. Frist for gjennomføring av tiltaket

Frist for gjennomføring av tiltaket er eit år frå dato for godkjenning av søknaden. Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført innan fristen vert vedtaket trekt tilbake.

## 8. Urettmessige opplysningar

Ordninga er tillitsbasert. Dersom det viser seg at søker bevisst har oppgitt gale opplysningar så kan forholdet bli politimeldt og heile eller deler av støttebeløpet kan bli kravd tilbake med renter. Kommunen forbehold seg retten til å avslå søknader som ikkje inneheld nødvendig informasjon og/eller søknader som ikkje tilfredsstill krava i ordninga.

## 9. Rapportering

Det skal etter søknadsfrist 1.mars og 1. september vere ei rapportering frå administrasjonen til politisk nivå som minimum inneheld totalt støttebeløp, tal søknader, tal innvilga søknader og kva det har blitt gitt støtte til.

## Tiltak

### 1. Private hushald og hytter godkjent brukt til fast busetting

Du kan søke om tilskot både i forkant og etterkant av når tiltaket blir gjennomført. Det kan søkjast om tilskot for tiltak som er gjennomført opp til eit år i forkant av kvar søknadsfrist.

- Dersom du gjennomfører tiltaket før du søker må du i søknaden legge ved kopi av utført arbeid og faktura.
- Dersom du søker i forkant må mottatt tilbod følgje søknaden. Når du mottok faktura må du sende kopi til kommunen.
- Det er søkeren sitt ansvar å undersøke med Bykle kommune om tiltaket er søknadspliktig og deretter ev. søke om løyve.
- Du må vere juridisk eigar av bustaden.

Type tiltak*	Kommentar
Luft til luft varmepumpe	<ul style="list-style-type: none"><li>• Private hushald kan søke.</li><li>• Tilskotet dekker inntil 75% av investeringskostnaden. Maksimal støtte er kr 30 000 inkludert installering.</li><li>• Private hushald med låg inntekt kan søke om 100%-dekning av varmepumpe i bustadhus, maksimal støtte kr 45 000 inkludert installering. Det vil gjelde hushald med forsørgeransvar for born med samla brutto inntekt (eks barnetrygd og liknande) på inntil kr 600 000 og einslege med samla brutto inntekt på inntil kr 400 000. For 100% dekning må inntekt dokumenterast.</li></ul>
Luft til vatn varmepumpe	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ordninga gjelde private hushald.</li><li>• Tilskotsordninga dekker inntil 50% av investeringskostnaden.</li><li>• Maksimal støtte kr 100 000.</li></ul>
Vatn til vatn (væske) varmepumpe Bergvarme/jordvarme	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ordninga gjeld private hushald</li><li>• Tilskotsordninga dekker inntil 50% av investeringskostnaden.</li><li>• Maksimal støtte kr 100 000.</li><li>• Inntil 50% av tilskottet kan brukast til dekning av brønnboring og installering.</li></ul>
Solceller	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ordninga gjelde private hushald.</li><li>• Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden. Maksimal støtte kr 100 000.</li><li>• Anlegget må vere tilkoplta elektrisitetsnettet gjennom ein plusskundeavtale.</li></ul> <p>Enova kan i tillegg gje støtte til leasing, det gjer ikkje kommunen.</p>

Reintbrennande vedomn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Private hushald kan søke.</li> <li>• Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden.</li> <li>• Maksimal støtte er på kr 17 500 inkludert installering.</li> <li>• Vil gjelde utskifting av gamal vedomn som er kjøpt før 1998.</li> </ul>
Etterisolering og skifte av vindauge i bustadhus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordninga gjelde private hushald.</li> <li>• Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden.</li> <li>• Vil gjelde bygg som er oppført før 1987.</li> <li>• Du kan ikkje kombinere det med støtteordning «oppgradering av bygningskropp» (totalrenovering) frå Enova.</li> <li>• Maksimal støtte er kr 150.000,-.</li> </ul>

Du kan søke Enova om støtte til solceller, smart straumstyring, vann-vann-varmepumpe med meir. For full oversikt over Enova sine støtteordninga, sjå [www.enova.no](http://www.enova.no).

## 2. Private næringsliv, sameige/burettslag og lag/organisasjonar

- Samla offentleg støtte for privat næringsliv kan ikkje overstige EØS-regelverket sine grenser, jf gruppeunntaket.
- Søker må sende inn dokumentasjon på anna offentleg støtte til same føremål.
- Mva-registrert verksemd får berekna støtte eksklusiv mva.
- Alle burettslag, sameiger, lag/organisasjonar og private yrkesbygg som er registrert i Brønnøysundregistret med adresse i Bykle kommune kan søke.
- Det er søkeren sitt ansvar å undersøke med Bykle kommune om tiltaket er søknadspliktig og deretter søke om løyve.
- Som hovudregel i ordninga må du søke og få innvilga støtte før du bestiller materiale og tenester, eller inngår avtale med leverandør. Unntaksvis vil ein i første søknadsrunde (søknadsfrist 1.mars 2023) kunne søke om støtte for tiltak som er gjennomført etter 01.12.2022.
- Du må sende inn ferdigmelding når jobben er fullført. Denne skal innehalde sluttrapport, fakturaer for tiltaket og dokumentasjon på at fakturaene er betalt. Eigeninnsats inntil kr 100 000 kan inkluderast. Det må dokumenterast med timeliste.
- Maksimal støtte pr. bedrift begrenses til kr. 500 000 pr. søknadsrunde.
- Bedriften kan kun motta støtte til det enkelte tiltaket en gang.

Type tiltak*	Støttebeløp**
Luft til luft varmepumpe	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Maksimal støtte per varmepumpe er kr 20 000 inkludert installering. Maksimalt 5 varmepumper per verksemd.</li> </ul>
Etterisolering og skifte av vindauge	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden.</li> <li>• Vil gjelde bygg som er oppført før 1987 (sjå eigen tabell).</li> <li>• Areal og U-verdi på isolasjon og vinduer må kome fram i tilbodet.</li> <li>• Maksimal støtte er på kr 500.000,- for bygget/verksemda/organisasjonen.</li> </ul>
Solceller	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Maksimal støtte er kr 500 000.</li> <li>• Kjøp og installasjon av solcelleanlegg i burettslag, sameige, og private næringsbygg. For burettslag/sameige gjeld tilskotet felles solcelleanlegg.</li> <li>• Anlegget må vere tilkopa elektrisitetsnettet gjennom ein plusskundeavtale.</li> </ul>
Anna	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det kan vere fjernvarme, biokjel/flisfyring, ventilasjon med meir.</li> <li>• Klimaeffekten/energieffekten må kome klart fram av søknaden.</li> <li>• Tiltaket vil bli skjønsmessig vurdert.</li> <li>• Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Maksimal støtte på kr 500 000.</li> </ul>
Innovative prosjekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det kan bli gitt inntil 60% støtte til innovative energiprojekt. Tiltaket vil bli skjønsmessig vurdert. Maksimal støtte kr 500 000.</li> </ul>

\*Tiltak som blir tilrådd av Enova ([www.enova.no](http://www.enova.no)).

## Tabell etterisolering og skift av vindu

\*Vil gjelde næringsbygg fra 1987 og eldre.

Tiltak	Støtte/ Kvm	U-verdi Før tiltak*	U-verdi Etter tiltak
Etterisolere yttervegg 10cm	Kr 300	>0,3	< 0,22
Etterisolere yttervegg > 15 cm	Kr 400	>0,3	< 0,18
Etterisolere tak mot loft	Kr 300	>0,3	< 0,18
Etterisolere gulv mot kald kjeller	Kr 300	>0,3	< 0,2
Nye vindu	Kr 300	>2	< 1